

Opning av Tverrelva kraftverk torsdag 29. juni.

23.06.2017



Aggregatet vert heist på plass i kraftstasjonen på Haugland.

Det vert opning av Tverrelva kraftverk torsdag 29. juni kl. 13. Det er varaordførar, Hans Inge Myrvold, som står for den offisielle opninga. Det er lagt opp til omvisning i kraftstasjonen på Haugland. Det vert samling for inviterte gjester på OSKA med informasjon og helsingar.

Tverrelva kraftverk AS er eigd av SKL (51 %) og grunneigarane på Kjærland og Haugland (49 %). Prosjektet fekk konsesjon 5. juni 2015. Sjølve bygginga starta hausten same året. Kraftverket vart sett i drift 7. april 2017. Etter vel to månaders prøvedrift er ein no klar for opning og overlevering.

Tverrelva kraftverk har eit aggregat på 5 MV. Fallhøgda er 492 meter og årleg normalproduksjon er rekna til 19 GWh.

Av tre aktuelle kraftprosjekt i Uskedalen, er Tverrelva det einaste som er gjennomført og sett i drift. Børsdalen fekk ikkje konsejson. Eikeelva er godkjend for utbygging, men det er enno uvisst om det vert utbygging.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Bilete syner luka på Stemno ved Mannsvatn. Luka vert fjerntstyrt frå driftssentralen til SKL på Stord.